



Sjur Lothe, her like ved brua, har ikkje hatt lukka med seg i dag

Det har regna skikkeleg i helga og særleg i føremiddag trudde fiskarane at det skulle bli gode fangstar. Men det nyttar ikkje å tvinge laksen og auren inn på kroken og utbyttet er heller magert inntil i kveld. uskedalen.no har så langt berre høyrte om fangst av ein fisk på 3 og ein på 1,7 kilo. Det har ikkje skorta korkje på fisk eller fiskarar

Oppsynsmann Asbjørn Rød har i dag observert ein solid oppgang av fisk utan at han har klart å fanga meir enn ein.

Veteranen Sjur Lothe frå Sveio som fekk ein knallopning av sesongen i vår elv den 15. juni fiska forgjeves i dag, under sin tur nummer 3 langs Uskedalselva denne sesongen. Og det til tross for at han såg fleire vel vaksne laksar i området ovanfor brua. No skal han freista lukka på meir heimleg grunn i Vikedalselva som opnar att 1. juli etter å ha vore stengt.

Heller ikkje ei gruppe flugefiskarar har hatt lukka med seg i området ved Rabben Feriesenter.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen